



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
29.11.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/11554 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale - Kvinnherad - Utbygging av Onarheim kraftverk

Fylkesmannen rår frå utbygginga på bakgrunn av naturmangfaldlova §10 om økosystemtilnærming og samla belasting på landskap og opplevingsverdi.

Ved eventuell utbygging må det installerast omløpsventil for å sikre anadromt strekk.

Viser til brev frå NVE datert 20.09.2017, om vurdering av konsesjonssøknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om bygging av Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune. Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket fører til skade eller nemneverdige ulemper for allmenne interesser i vassdraget. Vi vurderer kunnskapsgrunlaget etter naturmangfaldlova §§8 - 12.

Planar for utbygging

Onarheim kraftverk vil nytte eit fall på 349 m i Hellandselva frå inntak på kote 459 til kraftstasjon på kote 110. Inntaket er planlagt rett nedstraums utløpet av Bremstølvatn (Krolivatnet). Inntaksdammen blir omtrent 2 m høy og 16 m lang. Vassvegen på om lag 1900 m er planlagt som nedgraven røyrgate og 700 m som borehøl i øvre del.

For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av eksisterande veg frå fylkesveg 48. Røyrtrasé frå kraftstasjonsområde til tunnelpåhogg vert nytta som mellombels tilkomstveg i anleggsfasen. Inntaket skal byggast veglaust. Middelvassføringa utgjer 1,49 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,15 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 8,9 MW og vil etter planane gje ein produksjon på 28,9 GWh årleg. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1850 m lang elvestrekning i Hellandselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 200 l/s i sumarsesongen og 85 l/s om vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Onarheim kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Konsulentfirma Rådgivende Biologer føretok ei konsekvensutredning basert på ei minstevassføring på 63 l/s heile året og ei 50 m lang boretunnel. Utbygger har foreslått endringar på dette i ettertid.

Tidlegare utbygging og eksisterande inngrep

Opp til planlagt kraftstasjon er området bygget ut med veier og ulike bygningar. Madalen mikrokraftverk ligger ned forbi planlagt kraftstasjon på kote 113. Denne har eit stasjonsareal på ca. 20m². Røyr gata ligger i dagen langs ei traktorveg opp til kote 175 og består av eit PE røyr med diameter på 250 mm. Røyret går i terrenget til inntaket ved kote 275.

Rv 48 ligger på nedsida og smelteverket, Husnes Hydro, ligger på motsett side av vegen. Det går ei høgspenning (300kV) inn til Hydro Husnes og kryssar Hellandselva og Rv 48 i nordvestleg retning.

Vassverket disponerer regulering av Svartevatn som ligg oppstraums planlagt inntak til kraftverket på ca. kote 772, men inntaket til vassverket ligger på kote 99, nedstraums planlagt kraftstasjon. Nedstraums inntaket til vassverket har det vert pålagt ei minstevassføring på 20 l/s og dei har hatt rett på eit totalt uttak på 460 l/s. Kvinnherad kommune har nyleg fått løyve til å auke reguleringa frå 7 m til 22 m (øvre kote 772, nedre kote 750). Normal tapping av vatn er 80 l/s med eit maksimum på 480 l/s. Minstevassføringa er auka til 25 l/s nedstraums inntaket. Borehøl skal erstatte hevertleidningar som ligger i dagen.

På nordsida av elva går det ei traktorveg til kote 175 kor den går over i ei sti. Det går også ei DNT merket sti lenger nord for elva som går opp til Bremstølsvatn med rasteplass og rute vidare mot nordaust, oppover langs vassdraget.

Vasstrengen og fisk

Det er registrert ein verdifull naturtype innanfor tiltaksområde som er ei fossesprøytsone, med moserik utforming, av C verdi. Denne ligger i delen av vassdraget med namn *Tungane*. Fosseberg er ei «nær trua» naturtype og temaet verdifulle naturtypar er vurdert frå *liten til middels verdi* i søknaden. Redusert vassføring vil endre fuktigheitsforhalda for fuktigheitskrevande artar som er knytt til naturtypen. Fossesprøytsonen i *Tungane* har allereie i dag noko redusert vassføring grunna det utbygde Madalen mikrokraftverk. Denne verknaden vurderast i søknaden som *middels negativ* for fossesprøytsonen. Den samla vurderinga av tiltaket på fuktigheitskrevande karplantar, mosar og lav er satt til *middels negativ*.

Strekningen i Helldalselva som vil få redusert vassføring har ingen egne fiskebestandar, men enkelte individ av aure kan sleppe seg ned frå innsjøar lenger oppe i vassdraget. Ål er ikkje påvist men opptrer høyst sannsynleg i nedre delar av elva. Der finnes ei anadrom strekning nedstraums avløpet som potensielt kan bli påverka av ei driftsstans i kraftverket. Ved etablering av forbisleppingsventil i kraftstasjonen og jamn køyring av kraftverket, vil dei negative verknadene for fisk på anadromt strekk i praksis bli fjerna. På akvatisk miljø er tiltaket vurdert til *middels negativ konsekvens*.

Fylkesmannens merknad:

Vassdraget er anadromt. Vår vurdering er at ål ikkje vert påverka av tiltaket i nemneverdig grad. Utløp kraftstasjon er oppstraums vandringshinder for anadrom fisk. Med installert omløpsventil med tilstrekkeleg kapasitet, vil det redusere eventuell negativ effekt av utfall.

Stasjonen bør òg driftast slik at ned køyring skjer gradvis, for å hindre stranding. Inntaket må konstruerast slik at gassovertmetting ikkje vert ein problemstilling.

Utbygging av kraftverket vil redusere vassføringa ytterlegare og endre forholda for fuktigheitskrevjande artar som er knytt til naturtypen. Fagtemaet «Akvatisk miljø» er vurdert til middels negativ i søknaden. Fylkesmannen meiner at denne samla vurderinga på vasstrengen og artar knytt til den er undervurdert.

Ved ei utbygging må habitat og hekkemoglegheit for fossefall ivaretakast.


Landskap, friluftsliv og større naturområda med urørd preg

Det framhevast i søknaden at landskapet er typisk for regionen og ikkje eineståande. Sjølve Helldalselva er ikkje eit markert landskapselement i seg sjølv, med unntak av Tungane og eit ope skrint parti nedstraums Bremstølsvatnet som er godt synleg frå Husnes. Under anleggsperioden vil nye terrenginngrep vere synleg frå Husnes og fleire lokalitetar rundt Opsangervatnet. Inngrepsområda skal revegeterast men det vil ta tid før ny skog veks opp. Forslag om å auke minstevassføringa til 200 l/s vil ikkje forbetre landskapsopplevinga nemneverdig. Inngrepet på landskap og inngrepsfrie naturområda er i søknaden vurdert til *middels negativ konsekvens*.

Tiltaksområdet er eit mykje nytta turområde. I Hordaland fylke si kartlegging av friluftsområde er området rundt Helldalselva vurdert til «Svært viktig friluftsområde». Turgåing i sumarhalvåret er ei klart dominerande aktivitet med eit godt merka løypenett. Området brukast også til jakt og sanking av bær og sopp. Framføring av vatn i Helldalselva vil vere visuelt negativt for rekreasjonsopplevinga langs elveløpet. Slipp av minstevassføring vil i avgrensa grad avbøte landskapseffekten. Tiltaket vurderast til å ha middels negativ verknad på brukarinteresser.

Fylkesmannens merknad:

Fjellområdet er ikkje berre eit lokalt, men eit regionalt viktig turområde med blant anna oppfart langs og forbi Bremstølsvatnet, opp til Svartavatn. Som nemnt i søknaden så er område rundt Helldalselva vurdert til eit «Svært viktig friluftsområde» (mørk rødt i kartet: Figur 1). Vi viser til «kartlagde og verdsette regionale friluftsområde» i Hordaland. Område er mykje brukt av både lokale og tilreisande turgåarar og heile området er satt av som eit viktig regionalt friluftsområde i kartlegginga. Det kommer fram i søknaden at brukarinteressene er store i området, men Fylkesmannen meiner at vurdert konsekvens er undervurdert.



Figur 1: Viser verdsetting av kartlagte friluftsområde (naturbase.no). Onerheimselva/Helldalselva er markert som «Svært viktig friluftsområde».

I *Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021*, Delområde Rosendal Husnes, står det at utbyggingsprosjekta må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Effekten av redusert vassføring er vurdert til *middels negativ konsekvens* for landskap og friluftslivet. Dette meiner Fylkesmannen er undervurdert. Ei minstevassføring på 200 l/s over ganske store svaberg på sumaren og 85 l/s på vinteren vil nok forringe landskapsinntrykket mykje. Samtidig vil røyrkata bli veldig synleg spesielt i anleggsfasen, men også i mange år etter før området rundt sjølv røyrkata har grodd igjen. Dette vil påverke landskapsopplevinga i eit mykje brukt turområde, men også visuelt på avstand frå Husnes.

Større naturområda med urørd preg vil bli redusert som eit resultat av utbygginga av kraftverket. Det er snakk om 1,5 km² av INON sone 2 og 1,45 km² av INON sone 1. Samanhengande inngrepsfri natur er viktig og verdifullt for friluftsliv og dyreliv. Tap av inngrepsfri natur er ikkje ønskeleg, men INON kartet har i dette tilfelle ikkje tatt høgde for reguleringa av Svartavatnet for blant anna vassforsyning til Husnes kommune. Derfor er tapet av naturområda med urørd preg større enn det som vil vere resultatet av berre kraftutbygginga.

Vi saknar eit kart som viser plassering av riggplass og sedimenteringsbasseng. Det vil vere sår i landskapet i mange år før dette vil revegeterast.

Samla belastning

Hovuddelen av inngrepa pregar midtre og nedre delar av vassdraget. Fv 48 kryssar vassdragets nedre del og Husnes vassverk ligg på kote 100-110. Madalen mikrokraftverk ligg litt oppstrøms drikkevassinntaket på kote 113, med plastrøyr til inntaket ca. ved kote 275 som ligg opent i terrenget. Der går traktorveg og turstiar vidare opp til planlagt inntak ved Bremstølsvatnet. Store delar av området er prega av hogst og der skal vere eit mindre

massetak i området. Sør for tiltaksområdet passerer ein kraftforsyningslinje til Sør dal. I tillegg har Kvinnherad kommune nyleg fått løyve til å auke reguleringa av Svartavatn frå 7 meter til 22 meter. I dag går hevertrøyr på tvers av turstiane i området, men disse skal i følgje nytt løyve fjernast og erstattast med ei boretunell. Vassføringa skal også bli meir stabil i tørre periodar.

Fylkesmannens merknad:

Tiltaket skal vurderast etter naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Som framheva i søknaden er dette eit området prega av mykje inngrep og sjølv Helldalselva/Onarheimselva er nytta i fleire høve. Det er klart at nedtapping av Svartavatn oppe i vassdraget i tørre periodar både sumar og vinter vil ha store visuelle konsekvensar i omsyn til friluftsliv og landskap der, men vassdraget nedstraums skal i desse periodane få meir stabil vassføring.

Området er sterkt prega av kraftutbygging. I tillegg til dei kraftverka som er oppgitt i søknaden, er det gitt konsesjon til bygging av Eikeelva kraftverk og Valedalen kraftverk, som begge ligg på halvøya mellom Husnes og Uskedalen.

Tiltaksområde er preget av inngrep, men vert likevel nytta av svært mange turgåarar i løpet av året og kartlagt som eit svært viktig regionalt friluftsområde. Fylkesmannen viser til at samla belastninga av tekniske inngrep alt er stor i området. Vi meiner at det no er viktig å prioritere naturverdiane i området føre nye utbyggingsprosjekt.

Fylkesmannens konklusjon

Fylkesmannen rår frå denne utbygginga på bakgrunn av naturmangfaldlova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Dersom det likevel vert opna for utbygging bør det settast strenge vilkår til utbyggingsplanar og krav om tilbakesetjing til naturleg tilstand samt særleg vurdering av kor stor minstevassføringa bør vere.

Det må installerast omløpsventil for å sikre anadromt strekk. Stasjonen bør òg driftast slik at ned køyring skjer gradvis, for å hindre stranding. Inntaket må konstruerast slik at ein unngår gassovermetting.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:			
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDH EIM
Bergen og Hordaland Turlag	Tverrgaten 4-6	5017	Bergen
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5806	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Norges jeger og fiskeforbund - Hordaland	Tverrgaten 4/6	5017	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Friluftsrådet Vest	Postboks 63	5575	AKSDAL
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD